

# MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Torsdag 2. mai 2024 kl. 19.00 - 21.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Ingebjørg
Kaffi og kjeks:	Sigrid

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

**Til stades:** Heine Kaldefoss, Ida Elin H. Tvedt, Sigrid T. Langøy, Bjarne Petterteig, Guro Betten, Marit M. Romfog, Roald Sangolt, Ingebjørg R. Grønsdal, Fridleif Lydersen (sokneprest), Reidun Andersen (sakshandsamar).

**Forfall:** Tormod Stautland, Wenche Midttun.

Anders Dahl (Leiar i Stord sokneråd) møtte til sak 2024/18.

## SAKLISTE

- 2024/16 - 012.1** **Godkjenning av innkalling og sakliste.**  
**Vedtak:** Godkjent.
- 2024/17 - 012.1** **Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 21. mars 2024 Vedl.**  
**Vedtak:** Godkjent.
- 2024/18 – 360** **«Kirka vår»**  
**Saksutgreiing:** Planverktøyet «Kirka vår» vart presentert på Medarbeidarsamlinga 30.04. Anders Dahl kjem og gir oss ei vidare innføring i planverktøyet.
- Vedtak:** Soknerådet tek innføringa til vitande, og ynskjer å ta verktøyet i bruk i soknerådsarbeidet vidare. Planverktøyet er eit verktøy for å få på plass ein samla plan for arbeidet i soknet. Soknerådet ynskjer at det som vert jobba med vil ligge på heimesida slik at alle får kjennskap til det.
- 2024/19 - 273** **Evaluering etter Medarbeidersamling**  
**Saksutgreiing:** Me tar ein liten runde og hører korleis det var på medarbeidersamlinga. Er det noko me tenkjer var bra, kunne vore gjort annleis osv. Har me nokon spesielle ønsker for samlinga til hausten?
- Vedtak:** Kyrkjeverje får tilbakemelding på medarbeidersamlinga med det som kom opp i møtet.

# MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

2024/20 - 012

Saksutgreiing:

## Mandat til AU

Arbeidsutvalet har ansvar for å førebu saksliste og saker for handsaming i soknerådet, og skal følgje opp vedtak gjort av soknerådet mellom møta, der det ikkje er satt andre ansvarlege for gjennomføring i vedtaket. Arbeidsutvalet får og delegert mynde (jf kyrkjelova §8) til å ta avgjerd i daglegdagse saker der slik avgjerd vurderast å vere kurant (t.d. utleige av kyrkja), eller der avgjerd må takast før soknerådet igjen samlast, og vedtaket ikkje er av prinsipiell art. Avgjerder som er tekne med heimel i denne fullmakta skal refererast i førstkomande møte i rådet, og det skal lagast protokoll over avgjerdssaker som handsamast av utvalet.

Oppgåver:

- Førebu saksliste og saker for handsaming i soknerådet
- Følgje opp vedtak gjort av soknerådet
- Ta avgjerd i daglegdagse saker
- Føre møteprotokoll over avgjerdssaker, og referera desse på førstkomande soknerådsmøte
- Utarbeide årsrapport for Nysæter sokn

Medlemer og samansetning

Utvalet består av leiar, nestleiar og geistleg representant i soknerådet.

**Vedtak:** Soknerådet godkjenner mandatet til arbeidsutvalget.

2024/21 - 365

Saksutgreiing:

## 17. mai frokost

Tidligere år har det vore kyrkja som stilte med brød/ rundstykker og kyrkjelyden har med eit pålegg-fat kvar. Til 17. mai frokosten trenger me nokon som kan ansvar for å stelle i stand maten og nokon til å rydde klar bord og vekk igjen etterpå. Det skal og lages mat til korpset.

**Vedtak:**

Soknerådet lagar til frukost til skulekorpset. Det vert og open frukost for dei som ynskjer. Den opne frukosten vert kl 8.30 med andakt og song. Her tek dei som kjem med påleggssfat. Kyrkja stiller med brød og drikke. Soknerådet finn ein komite på 3-4 personar som tek seg av dette. Sigrid og Reidun er med i komiteen, og finn 2 personar til som kan vere med.

2024/22 - 365

Saksutgreiing:

## Basar – evaluering og drøfting

Det er soknerådet som har initiativ og ansvar for basarane i Nysæter sokn. 16. mars var det kyrkjelydsbasar her i kyrkja. Basaren vart vedteke av det forrige soknerådet, og skulle ha vore i oktober 2023, men vart utsatt til våren pga loddssalg på Kiwi. Dermed vart det nytt sokneråd som fekk ansvaret for basaren, med god hjelp frå det forrige soknerådet. Det var likevel vanskeleg å få på plass loddselgarar på butikkane, og nokre salstidspunkt måtte gå ut. Soknerådet evaluerer basargjennomføringa, både i tida før basaren og sjølve basardagen. Det er nok ynskjeleg å fortsetje med å gjennomføre basarar for inntekt til kyrkjelyden. Soknerådet har ei drøfting rundt basargjennomføring; ansvar, engasjement og oppgåver i forhold til basar i soknet, samt frekvens.

# MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

- Vedtak:** Veldig kjekk basar, passeleg innhold, mange flotte gevinstar, god mat, Heine er flott som konfransier.  
Neste gong: Starte loddsgalg på butikkane for eksempel 2 månadar før basardato, slik at det kan satsast meir på ettermiddag- og lørdagar. På den måten har dei som er på arbeid på dagtid mulighet til å vere med og selge lodd. Kjekt å treffe folk på denne måten, synleggjere kyrkja, kjempekjekt, og viktig, med barne-opplegget, loddsgalg-stunt på Facebook.  
Soknerådet tek evalueringa til vitande. Soknerådet ynskjer å fortsetje å ha basar kvart 2. eller 3. år, i samarbeid med Kyrkjeringen som lagar alle dei flotte gevinstane. Reidun spør Kyrkjeringen om basar hausten 2025.

## Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

- Årsmøtet gjekk greit, fint og praktisk å ha det inne i kyrkjerommet etter kyrkjekaffien.
- Ide-dugnad om korleis få fleire folk til kyrkja på eit soknerådsmøte til hausten.
- Fest i Vest gudstjeneste 30.06 i Skiparvik. Sommar-frekvensen på gudstenestene annakvar søndag gjer at det egentleg ikkje er gudsteneste i Nysæter kyrkje denne søndagen. Difor er det ikkje organist tilgjengeleg. Fridleif er prest, Heine tar seg av folk til musikk/forsongarar. Bjarne tar seg av det praktiske i forhold til kyrkjekaffien.
- Fridleif informerer frå staben. Kjekk tid med mange konfirmasjons-gudstenester, Fridleif har vore i kontakt med folk angåande gudsteneste i Hustrudalen 9. mai, gudsteneste i Gruvene 16. juni og Vervagudsteneste 1. september. Planlegginga er godt i gang.

Sigrid Theodorsen Langøy  
soknerådsleiar  
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd  
Tid: 06.06.2024 kl 19.00-21.00  
Stad: Nysæter kyrkje  
Opning: Tormod